



Globen
Foto: Algirdas Motiejūnas



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Velkommen til Austevoll
Dialogkonferansen
17. og 18. september 2019



Dialogkonferansen er ein årleg møtestad for kommunar og fylkeskommunen der målet er fagleg oppdatering, nettverksbygging, motivering og inspirasjon til vidare arbeid med tilrettelegging for fysisk aktivitet. Andre regionale samarbeidspartnarar blir inviterte ut frå innhaldet i programmet.

Representantar frå kommunen deltek i planlegginga av konferansen for å få eit best mogeleg program i høve dei utfordringane kommunane står ovanfor innan fagfeltet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Denne gongen er Austevoll i programkomitèen. Vi håpar at alle kommunane i Hordaland finn programmet interessant og relevant i høve arbeidet med å skape ein **Aktiv Kvar Dag** for sine innbyggjarar.

Målgruppa for konferansen er tilsette i kommunane som er ansvarleg for kultur, idrett og friluftsliv, folkehelse og plan. Tema endrar seg litt for kvart år, og vi ser gjerne at kommunane deltek med aktuelle representantar. Det er også nyttig for politisk nivå, for å få forankring og kjennskap til fagområde.



Austevoll idrettsanlegg

Foto: Austevoll idrettsklubb

Deltaking på konferansen er gratis og Hordaland fylkeskommune dekker kostnaden ved overnatting for ein deltakar frå kvar kommune.

Vi overnattar på Bekkjarkvik Gjestegiveri. Pris per person utover dette er kr 2 500,-.

Kostnad til reise t/r må dekkast av den enkelte kommune/ organisasjon for alle deltakarar.

Vi oppmodar alle til å sjå nøye på programmet, og ta med sko og klede etter høve. Det er ofte synfaringar ute på anlegg, både ved skular, idrettsparkar og friluftsområde.

Vi har elektronisk påmeldingsskjema der du kan gje melding om særlege behov knytt til m.a. mat.

Ta kontakt med Hanne Espe tlf / hanne.espe@hfk.no eller Bjørg Larsen tlf / bjorg.larsen@hfk.no om noko er uklårt eller de har spørsmål.


Elektronisk påmelding gjennom våre nettsider.

Velkommen til aktive dagar på Austevoll!



Austevollbadet

Foto: Engelsen bygg



Meditasjonssymjing

Foto: Mette Storebø

Mål: Fagleg oppdatering, nettverksbygging, motivasjon og inspirasjon.

Målgruppe: Tilsette i kommunane som er ansvarleg for kultur, idrett og friluftsliv, folkehelse og plan. Det er også nyttig for politisk nivå, for å få forankring og kjennskap til fagområde.

Stad: Austevoll



Program

Tysdag 17. september


- 9.30: Registrering med lett servering
- 10.00: Velkommen til Austevoll
Helsing frå ordførar
Helsing frå Utval for kultur, idrett og regional utvikling
- 10.35: Sidan sist v/ Britt Karen Spjeld
- 11.20: Pause
- 11.30: NIF sin nye anleggspolitikk v/ Knut Songve og Narve Heggheim
Diskusjon – innovative anlegg og/eller miljø
- 13.00: Lunsj
- 14.00: Nærmiljø – dei gode modellane
Behovsundersøking, medverknad
GIS-registreringar og levekårsundersøkingar i planarbeid v/ Bergen kommune
- 15.00: E-sport, kort orientering om utviklinga i Hordaland
- 15.15: Pause
- 15.25: Dagsturhytter, kort orientering om arbeidet i Hordaland/Vestland
- 15.40: Friluftslivets ferdselsårer v/ Håkon Tufteland/ Eirik Knive
- 15.55: Døme frå Kvinnherad v/Kristian Helgesen
- 16.20: Diskusjon
- 16.40: Praktisk info

- 18.00: Camp Austevoll
Ferskingkurs og utemiddag i samarbeid med Bergen og Hordaland Turlag
Quiz



Onsdag 18. september

- 07:00: Aktiv kvar morgon – morgonbad!
- 08:30: Synfaring i Bekkjarvik - skuleområde, sherpatrapper
- 10:00: Austevollbadet, omsyning
Tilrettelegging for alle v/dagleg leiar Mette Storebø
- 10:45: Pause med kaffi og frukt
- 11:00: Spelemidlar v/ Bjørg Larsen og Rune Åland
Behovsvurdering, dugnad, friluftsliv
- 12:30: Lunsj
- 13:30: Spelemidlar fortset
- 14.20: Takk for denne gong!
Oppsummering og vegen vidare mot nye Vestland v/ utval for kultur, idrett og regional utvikling.



Kongskleiva

Foto: Algirdas Motiejūnas